

# Nissemarsj 2018

Fredag 30.november er det duka for årets Nissemarsj i Åseral.

**Ein koselig adventstradisjon for liten og stor.**

Me møtes ved banken i Kyrkjebygd klokka 18.00 der du kan få teikna på deg nissekinn om du vil.

Me går så saman i nissetog mot løypas høgdepunkt, nisselåven i Nordstova, der me får høyre litt om nissen på garden. Er han på plass i år att- eller har han funne seg ein ny gard? Ingen veit..

Løypa funker fint for vogn ettersom det kun er på asfalt og hard grus (om det er snødekke kan det bli vanskelig med vogn). Etter nissemarsjen blir det nissegraut på Minne- med mandel. ÅIL står for graut, kaffi, saft, frukt, bålkos og vakker sang ved Minne etter marsjen.

Finn fram nissehua, refleksen og hand-fakkelen (eller hovudlykta).

Turen er ca 1.3 km lang.

**Pris:** 20 kr pr person.

Hjertelig velkommen til liten og stor, mellom 0-108 år.

**–Medlemmar og ikkje-medlemmar!**

**Helsing frå ÅIL**

